



Harald Dag Jølle skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Isdalen

TUREN

Bergsfjord. Det er ikkje så lett å kome hit, men kjem du hit, gløymer du det neppe. Det er forresten ikkje så vanskeleg heller. Det går ferje frå Øksfjord. Hugs berre å ta med kajakk, ski og breutstyr. Langfjorden i Loppa går nord-sør. Ytst ligg Sør-Tverrfjord og Bergsfjord, inst Langfjordhamn. Men det er ikkje desse små tettstadene som trekkjer merksemda når du padlar innover den veglause fjorden. Du er i Finnmark, men mellom desse stupbratte fjella er det lite som minner om akkurat det. Vatnet er grått og kaldt, for her drenerer både Øksfjordjøkelen og Langfjordjøkelen.

Isdalen. Du treng ikkje å vere språkforskar for å forstå kva namnet kjem av. To armar av Øksfjordjøkelen peikar eit godt stykke ned mot ein sjeldan frodig dal til å vere på desse breiddegrader. Vi går gjennom gamal ut-

mark, tungt lasta og blikket festa høgt. Breen har trekt seg litt tilbake, her også. Men det er mykje is att, nok til ein lang skitur ein varm augustdag. Eller augustnatt er rettare å seie i vårt tilfelle. Slikt spelar mindre rolle i denne landsdelen, på denne årstida.

Brefallet, skituren og toppen av Finnmark, 1200 meter over Lopphavet, det er mykje å skrive om. Men Isdalen set djupast spor. Det grønne mot det kvite. Det milde mot det rå. Det fagre mot det vene. Nede i fjøra att kjenner du ein snev av pionerånd. Sjølv sagt berre tull, mange har vore her før. Likevel, dette er spesielt, tenkjer du, når du stirer inn i leirbålet, stappmett på nyplukka blåskjel.

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar ved Norsk Polarinstittutt og forfattar.



Isdalen under Øksfjordjøkelen i Finnmark. Foto: Vegard Ulvang

Ekspedisjonsindustrien Nordpolen

LITTERATUREN

Aleksander Gamme: *Ekspedisjonsboka. En guide til høye fjell og lange skiturer.* Larsforlaget 2011, 335 s.

Kva er ein ekspedisjon? spør Alexander Gamme. Dette er boka for deg med draumar, lovar reklamen. Du som planlegg eller diggar å dra på lange turar. Boka fortel deg korleis du pakkar sekker og ordnar barnevakt. Korleis du skaffar visum og unngår gnagsår. Får du lyst «å fange drømmen» etter å ha lese Gamme? Kanskje. Kjenner du deg tryggare på kva du skal velje? Truleg. Forstår du meir av korleis ekspedisjonsindustrien der ute fungerer? Definitivt.

HDJ



REKORDEN

Kven var den første nordmannen på Nordpolen? Nansen kom aldri lenger enn 86 grader 14 minutt. Amundsen flaug over i 1926, men landa ikkje. Bjørn Staib måtte snu i 1964. Så vinnaren er: Ragnar Thorseth. 29. april 1982 nådde han saman med tre andre polpunktet, etter åtte veker i isen. Dei hadde brukt tre snøskuterar og fått flyforsyningar undervegs, men blei altså dei første nordmennene til å setje sine bein på Nordpolen. Thorseth var berre sann passe nøgd:

«Eg har i grunnen berre éin positiv ting å seie om Nordpolen: Alle vindar blæs frå sør.»

HDJ



Thorseth-ekspedisjonen: (f.v.) Trygve Berge, Eldar Fortun og Ragnar Thorseth.

Foto: Henrik Laurvik / NTB scanpix



1888-89 ekspedisjonen til Grønland, f.v. Ole Ravna, Otto Svendsen, Christian Dietrichson og Samuel J. Balto.

Samuel Johan Balto

BIOGRAFIEN

I Central Park står ein statue av «Balto», den legendariske polarhunden som frakta medisiner til difterisjuke folk i Nome i 1925. «Balto» var oppkalla etter ein annan helt, tommerhoggar Samuel Johan Balto (1861–1921) frå Karasjøk, som kryssa Grønland saman med Fridtjof Nansen i 1888.

Nansen hadde lært av den finlandssvenske oppdagaren A. E. Nordenskiöld at samar var nyttige på slike ferder. Balto skal ha takka ja i fylla, og ekspedisjonen hadde knapt starta før han lova å ikkje røre brennevin om han nokon gong kom heim i live. Nansen var vonbroten over dei to

SITATET



«Skulle jeg gjøre dem om igjen nu, så ble det for å rive vardene ned, så de ikke lenger står der og roper 'bæ' til forventningsfulle nestemenn.»

Peter Wessel Zapffe om sine mange førstebestigingar av fjell i Troms




Telt på tur

GAMALT TURUTSTYR

«Noget som efter min mening ikke bør savnes ved en slædefærd, er et telt», skreiv Fridtjof Nansen, som om det kunne vore eit alternativ å leggje av garde mot Nordpolen utan. «Selv om det er tyndt og let, gir det delta-gerne så meget vern og hygge at det rigelig opveier den lille øgning det volder i udrustningens vegt.»

Teltet han valde, var firkanta, blei halde oppe av ei teltstong i midten og bardunar i sidene. Han hadde vurdert å ta med eit som



«Natterast» av H. Egedius, etter fotografi av Nansen-teltet frå mars 1895.

hadde teltbotn, men forkasta det på grunn av vekta. Teltet han og Hjalmar Johansen forlét «Fram» med, var så stort at det kunne romme fire personar, stoffet var

råsilke, og saman med seksten pluggar og anna utstyr vog det berre 1,4 kilo!

HDJ

Espresso i det fri

NYTT TURUTSTYR

Kva er feil med kokekaffi – bål-kaffi eller kaffikanne på primusen? Noko, meiner tydelegvis fleire. For no kan du få det meste innanfor berbart kaffisnobberi, mynta på turfolk. Kva med ein trykkpumpeespresso?

Handpresso kostar mykje og krev spesialemballerte kaffibrikker. Det blir god kaffi i teltet, det skal produsenten ha, men gidd du å dra på den tunge dingsen?

HDJ



Verdrup, Fridtjof Nansen, Kristian Kristiansen Trana, Oluf

n Balto

samiske deltakarane og skildra dei som engstelege, lettskremde og overtruiske. Han hadde sett for seg at dei skulle ha spesielle, nærast medfødde eigenskapar som «naturfolk».

Trass i dette framstiller han Balto som ein fargerik kar – ekspedisjonens «muntrasjonsråd» – som også gjorde sitt til at dei greidde å krysse innlandsisen. Balto skreiv si eiga forteljing frå ferda, som Nansen siterer hyppig frå, og som livar opp Nansens framstilling. I 1898 emigrerte eventyraren Balto til Alaska for å prøve seg som reingjetar og gullgravar.

HDJ

Sjølvpålagde lidingar i grisgrende strok

Lat denne ekspedisjonen vere til inspirasjon for eventyrarar *in spe*: Rauma på langs med traktorslange og tilhengjarslange med overnattingsutstyr. I 1992 var vi dei fyr-

ste som makta dette halsbrekkande vågestykket. Traktorslangepadling har i seg alt det ein eventyrar kan drøyme om, og det er heilt sikkert mange elvar som ennå

ikkje er blitt traktorslangepadla. Det einaste du treng, er traktorslangar, lappesaker – og ei elv.

STEIN P. AASHEIM



Foto: Stein P. Aasheim

Fugleperspektiv



340 mil i eitt strekk er ikkje verst for ei flygemaskin på 25 gram.

Foto: VSmithUK / flickr

Ikkje skvettten

Charles Lindbergh hadde eit par hundre hestekrefter til å hjelpe seg då han flaug åleine over Atlanteren som førstemann. Steinskvetten må klare seg med egne krefter.

Går du mykje i fjell og fjøre, kjenner du steinskvetten. Han er grei å finne: På ein bergrabb eller ei steinblokk sit han og kniksar, speidar etter fluger og plystrar til dei som går forbi.

Arten fanst opphavleg i Europa og Asia, og breidde seg vidare over Island til Canada på eine kanten; over Beringsundet til Nordaust-Alaska på andre kanten.

Då steinskvetten gjorde amerikanar av seg, tok han med seg vintervanane: Om hausten er det Afrika som dreg. Steinskvettane frå Alaska flyg då over heile Asia til Aust-Afrika. Artsfrendane nordaust i Canada er ikkje snauare. Om ikkje vêret er for stritt, kjem dei seg velberga over storhavet til Europa – turen er på 340 mil kortaste vegen – og held fram til Vest-Afrika. Om våren ber det heim att. Forskarar har plassert små instrument på fuglane og slik stadfesta desse dryge reisene.

Det er imponerende nok at dei heimlege steinskvettane våre flyg til og frå Afrika. Men utvandrarane tek kaka.

SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.